

VEDLEGG



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets justiskomite

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/4715-2

6. oktober 2023

Dok 8:232 S (2022-2023) Representantforslag om demokratisk kunstig intelligens

Eg viser til brev frå justiskomiteén om representantforslag frå stortingsrepresentantane Torgeir Knag Fylkesnes og Marian Hussein om demokratisk kunstig intelligens, datert 19. september 2023. Brevet er adressert til justis- og beredskapsminister Emilie Enger Mehl. Justis- og beredskapsministeren har bedt meg, som ansvarleg statsråd for digitaliseringspolitikken, å vurdere forslaget. Mine vurderingar følgjar nedanfor under dei tre punkta i forslaget.

- 1) Stortinget ber regjeringen umiddelbart innføre et moratorium i offentlig sektor på å ta i bruk nye kommersielle verktøy som bygger på kunstig intelligens. Moratoriet må vare fram til et regelverk for innføring og bruk av kunstig intelligens for ulike bruksområder er utviklet.**

Norske regjeringar og Stortinget har gjennom ei årrekke arbeid for å sikre at vi har god, teknologinøytral regulering her i landet. Dette gjeld òg for regelverk som er sentrale i å regulere utvikling og bruk av kunstig intelligens (KI), slik som personopplysningslova, lov om likestilling og forbod mot diskriminering, forbrukarkjøpslova, marknadsføringslova, åndsverklova, forvaltningslova med fleire. Vi har derfor eit godt grunnlag for å kunne handheve krav til etisk, ansvarleg og demokratisk kunstig intelligens. Kommunal- og distriktsdepartementet bad i 2022 Digitaliseringsdirektoratet utarbeide [rettleiing i etisk og ansvarleg utvikling og bruk av KI](#) for offentlig sektor. Slik rettleiing er nå tilgjengeleg på direktoratet sine nettsider. Digitaliseringsdirektoratet tilbyr òg støtte og rettleiing til verksemdene i offentlig sektor.

Det er dessverre ei utbreidd oppfatning at det ikkje finst regulering av kunstig intelligens i Noreg, og at EU si KI-forordning er den einaste reguleringa av KI som er under arbeid. Som eg har vist ovanfor, finst det allereie ei rekke regelverk for KI innanfor ulike bruksområde. Det er like fullt positivt at det kjem ei eiga forordning for KI, som vil sette standarden for kva slags KI som skal vere forbode og kva slags KI som utgjer ein risiko for samfunnet. KI-forordninga vil vere eit nyttig supplement til den reguleringa vi allereie har.

Eg meiner det ville vere svært uheldig å krevje at alle deler av offentleg sektor sluttar å ta i bruk nye kommersielle verktøy basert på KI. Helsevesenet er for eksempel ein stor og viktig del av offentleg sektor. I dag brukar for eksempel Vestre Viken HF blant anna [hyllevare KI i biletediagnostikk](#), og Helse Vest bruker kunstig intelligens i mammografiprogrammet, sjå <https://www.kreftregisteret.no/Forskning/Prosjekter/kunstig-intelligens-mammografiprogrammet/>. Eg har tillit til at dei dyktige folka som jobbar med desse og andre prosjekt i offentleg sektor, held seg til dei reglane vi har når dei vurderer å skaffe og bruke kunstig intelligens i sine verksemder og prosjekt. Eg meiner òg det er viktig at kompetansen i offentleg sektor blir styrka på dette området.

2) Stortinget ber regjeringen utvikle en konsesjonsordning for innsamling, bruk og lagring av både offentlige data og persondata for kommersielle aktører. En slik konsesjonsordning må fastsette krav til hvilke data som kan brukes, til hvilke typer formål, hvor og hvordan de lagres, og om og hvordan de kan deles med ulike tredjeparter.

Både personregisterlova frå 1978 og personopplysningslova frå 2000, som begge nå er oppheva, inneheldt krav om godkjenning på førehand for ulike typar behandling av personopplysningar. Dette vart ofte omtalt som ei konsesjonsordning. Det var brei støtte om å oppheve denne ordninga då personvernforordninga blei gjennomført i norsk rett i 2018. Det er nå heimel i § 14 i personopplysningslova frå 2018 til å gi forskrift om godkjenning frå Datatilsynet på førehand, viss det skulle oppstå eit slikt behov. Heimelen har så langt ikkje vore brukt.

Utgangspunktet no er at alle verksemder er ansvarlege for å behandle personopplysningar i samsvar med regelverket, utan noka form for kontroll frå styresmaktene på førehand. Dette gjeld òg når personopplysningar blir brukt til å trene KI-modellar eller når opplysningane på andre måtar blir behandla i system som er basert på KI.

Datatilsynet fører tilsyn med behandling av personopplysningar brukt til trening av KI-modellar, på same måte som dei fører tilsyn med anna behandling av personopplysningar. Dette er basert på ei risikobasert tilnærming og etterkontroll. Eg meiner dette er ein god bruk av dei ressursane Datatilsynet rår over. I tilsynsplanen for 2023 har Datatilsynet framheva løysingar og system som bruker algoritmar eller KI.

Eg meiner det er viktig at vi arbeider for at løysingar basert på KI, behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket, blant anna slik at viktige omsyn som openheit og ikkje-diskriminering blir varetatt. For å bidra til dette har regjeringa sikra varig finansiering av Datatilsynet sitt testmiljø for personvernvennleg digitalisering og innovasjon, der KI er eit viktig satsingsområde (òg kalla «den regulatoriske sandkassa»).

Eg er opptatt av at vi legg til rette for deling av data frå det offentlege, både for bruk i næringslivet og mellom offentlege verksemdar. Når det gjeld offentlege data, har vi derfor ikkje ei konsesjonsordning, men vi har ein [felles datakatalog](#). Denne tek for seg mange av dei tinga representantane Fylkesnes og Hussain meiner bør inngå i ei konsesjonsordning. Felles datakatalog er laga for å synleggjere kva for data verksemdar har som dei kan dele med andre, og han gir oversikt over datasett med beskrivingar, omgrep, programmeringsgrensesnitt (API-ar) og informasjonsmodellar. Det er Digitaliseringsdirektoratet som er ansvarleg for drift og utvikling av nettstaden.

Det skjer òg ei utvikling i Europa i retning deling av meir data frå det offentlege, og å gjere slik deling enklare, snarare enn å avgrense moglegheiter for innsamling, lagring og bruk av offentlege data. EU har vedtatt Direktiv 2019/1024 Opne data-direktivet (ODD). Dette direktivet omfattar fleire typar offentlege data enn tidlegare direktiv, og derfor vil tilgangen til offentlege data auke når direktivet blir innført. ODD etablerer særlege reglar for det som blir kalla «datasett med høg verdi». Dette er datasett og dokument der vidarebruk kan gi viktige fordelar for samfunnet, miljøet og økonomien. Dei områda som er definert så langt er: Geografiske data, jordobservasjonsdata og miljødata, meteorologiske data, statistikk, selskapsregister og eigarskapsregister, og mobilitetsdata (transportdata). Slike datasett skal vere gratis, tilgjengelege, maskinlesbare, levert gjennom API-ar og, når relevant, kunne bli lasta ned i bulk. I desember 2022 vedtok EU-kommisjonen *Gjennomføringsforordning om datasett med høg verdi (HVD)*. HVD bygger på ODD, og konkretiserer krava som gjeld når ein skal gjere denne typen datasett tilgjengelege. Noreg har ein plass i Open Data Committee, som er ein viktig arena for å fremme norske behov knytt til datasett av høg verdi.

Forordning 2022/868 om dataforvaltning (Data Governance Act, DGA) er eit regelverk som blant anna skal legge til rette for trygg bruk av beskytta data frå offentleg sektor. Formålet med DGA er å legge til rette for at tilgang til beskytta data skjer på ein måte som ikkje gjer at personopplysningar, forretningsløyndommar eller opphavsrettsbeskytta materiale kjem uvedkommande i hende. Mitt departement arbeider med å sjå korleis denne forordninga skal implementerast i norsk rett.

Som eit ledd i oppfølginga av Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – datadrevet økonomi og innovasjon*, blei det sett ned eit utval som skal sjå på heilskapleg regulering av vidarebruk av offentleg informasjon. Dette utvalet skal blant anna vurdere korleis ODD og HVD skal implementerast i norsk rett. Utvalet skal òg vurdere om ein plikt til å gjere tilgjengeleg enkelte typar data, som går ut over dei som er lista i ODD og HVD, skal inn i norsk lov. I tillegg skal utvalet sjå på korleis DGA kan inngå i denne heilskaplege reguleringa, og vurdere om det er bruk for endringar i digitaliseringsrundskrivet når det gjeld deling av

data. Hensikta med dette arbeidet er å foreslå meir heilskapleg regulering, som kan gi den tryggleiken og tilliten det er bruk for om vi skal få til meir deling av data i Noreg.

3) Stortinget ber regjeringa legge fram en stortingsmelding om kunstig intelligens som redegjør for hvordan det arbeides med kunstig intelligens på alle nivå i alle sektorer.

Regjeringa har starta arbeidet med ein ny, heilskapleg digitaliseringsstrategi for Noreg. Målet er sterkare samordning og utvikling av ein heilskapleg politikk som går på tvers av offentleg og privat sektor. Som ein del av dette arbeidet vil vi òg sjå på korleis vi skal regulere, utvikle og bruke kunstig intelligens. Strategien skal etter planen vere klar i 2024. Eg meiner det ikkje vil vere verken hensiktsmessig eller god ressursbruk å samtidig jobbe med ei melding til Stortinget om dette temaet.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik